

Saksnr: 2019/108-1  
Saksbehandlar: Hanne Espe og Atle Skrede

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		02.12.2019

**Arrangementstilskot til nasjonale og internasjonale junior- og seniormeisterskap****Forslag til vedtak**

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek vidareføring av ordninga Arrangementstilskot til nasjonale og internasjonale junior- og seniormeisterskap i Vestland.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek justerte retningsliner for ordninga Arrangementstilskot til nasjonale og internasjonale junior- og seniormeisterskap i Vestland.

**Samandrag**

Hordaland fylkeskommune har i mange år hatt ei tilskotsordning til nasjonale og internasjonale meisterskap. Påtroppande fylkesdirektør si vurdering er at tilskotsordninga har vore vellukka og vil tilrå at tilskotsordninga vert vidareført i Vestland.

Det er eit mangfald av ulike arrangement i regionen, og det er trong for tydelegare strategiar for kven som kan få tildelt støtte. Vestland fylkeskommune vil bruke 2020 for å jobbe vidare med å legge tilrette for at denne ordninga skal gje best mogleg meirverdi for arrangørar og arrangementsutvikling i fylket. Det skal utarbeidast ein regional arrangementsstrategi som skal legge føringar for tilskotsordninga vidare. Denne skal sjåast i samanheng med den nasjonale arrangementsstrategien som er under utarbeiding.

Per Morten Ekerhovd  
påtroppande fylkesdirektør  
for kultur, idrett og inkludering

Britt Karen Spjeld  
påtroppande leiar for seksjon  
idrett og friluftsliv

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.*

## Vedlegg

- 1 Retningsliner arrangementsstøtte

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen ønskjer at Vestland skal vere attraktiv for store meisterskap, og å vere ein viktig aktør for arrangørar i Vestland. Det er trong for ein tydeleg strategi for regionen, noko som vil vere ei prioritert oppgåve i avdelinga for kultur, idrett og integrering i 2020. Dette vil bli sett i samanheng med Bergen kommune sin eigen strategi for store arrangement og den komande nasjonal arrangementsstrategi, som vert utarbeidd i regi av Innovasjon Norge på oppdrag av regjeringa.

### Nettverk

Gjennom Idrettscampus Bergen har fylkeskommunen delteke i eit delprosjekt kring arrangementskompetanse, saman med m.a. SK Brann, Bergen reiselivslag, Bergen kommune og Hordaland idrettskrets. Gjennom dette prosjektet har aktørane delteke i arbeidet med- og gitt innspel til ny nasjonal arrangementsstrategi, som skulle vore lansert tidlegare i år, men er forseinka frå departementet si side.

### Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

### Vurderingar og verknader

Hausten 2019 er det kome inn 13 søknadar om fylkeskommunal støtte med ein samla søknadssum på 2.51 mill. kr til ulike typar idrettsarrangement. For at alle aktuelle meisterskap skal kunne søke om fylkeskommunale støtte vert tilskotsordninga lyst ut så snart som råd etter budsjettvedtak i fylkestinget 17.-18. desember 2019 med søknadsfrist 14. januar 2020. Søkjarar som allereie har søkt treng ikkje søkje på nytt. Fylkesrådmannen legg opp til at alle søknadane vert handsama i sak om tildeling av arrangementstilskot til meisterskap i Hovudutval for kultur, idrett og integrering 12. februar 2020.

**Økonomi:** Storleiken på tilskot for 2020 vert handsama av Fylkestinget i ordinær budsjetthandsaming.

**Klima:** Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at saka har direkte relevans, men det vert vektlagt at arrangementa som får tilskot har ein **klår og tydeleg miljøprofil**.

**Folkehelse:** Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Tilskotsordninga er eit sentralt verkemiddel for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan i Hordaland 2015-2025. **PREMISS:** KULTUR og Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027. Kultur for alle.

### Konklusjon

Påtroppande fylkesdirektør vil tilrå at tilskotsordninga for arrangementsstøtte vert vidareført i Vestland som ei overgangsordning i 2020. Det vert jobba vidare med ein regional arrangementsstrategi, for å ha tydelegare føringar for kva arrangement fylkeskommunen skal bidra til.